



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/853-3

Sakshandsamar: Magne Sturød

### Saksgang

| Utal                                       | Møtedato   | Saksnummer |
|--------------------------------------------|------------|------------|
| Oppvekst, kultur og idretts utval          | 04.11.2025 | 32/25      |
| Helse og sosialutval                       | 05.11.2025 | 17/25      |
| Landbruk, miljø og teknisk utval           | 05.11.2025 | 20/25      |
| Eldreråd                                   | 12.11.2025 | 6/25       |
| Rådet for personar med funksjonsnedsetjing | 06.11.2025 | 6/25       |
| Arbeidsmiljøutval                          | 13.11.2025 | 19/25      |
| Administrasjonsutval                       | 19.11.2025 | 11/25      |
| Formannskap                                | 19.11.2025 | 82/25      |
| Kommunestyre                               | 11.12.2025 | 67/25      |

## Budsjett 2026 - Økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029

Saksframlegg godkjent 27.10.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

### Vedlegg

- 1 Handlingsplan 2026 -2029
- 2 Tilleggsnotat - Budsjett 2026 - Økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029

### Bakgrunn for saka

Budsjett 2026 – Økonomiplan (ØP) og handlingsprogram (HP) 2026-2029

### Vurdering

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 blir lagt fram til fråsegn i råd og utval. Gjeldande økonomiplan, budsjettrapportar for 1. og 2. kvartal 2025, sak 48/2025 om driftstilpassing for 2026, politiske føringar i revidert nasjonalbudsjett og statsbudsjettet, samt innspel frå etatane og Kyrkjeleg fellesråd er grunnlaget for framlegget.

Økonomiske føresetnader i budsjettframlegget for 2026 er m.a 3,5% i lønns- og prisvekst, 4,67% rente, og ein straumpris på 65 øre/Kwh.

Økonomiplanen som no blir lagd fram inkluderer innsparingstiltak i drifta med årseffekt på 17 mill. kr i 2026, og ca 24 mill kr pr år i 2027-2029. Netto driftsresultat ligg over det langsiktige målet på 1,75% av brutto driftsinntekter for alle åra. Det er lagt inn eit nytt rammeområde for å prøva å få ein meir oversiktleg økonomisk struktur, og dermed betre økonomistyring.

I driftsbudsjettet for 2026 er det fordelt ut 258,4 mill kr ut på driftsområda. Generelle driftsinntekter er på 285,3 mill kr, og netto finansutgifter er på 14,4 mill kr. Dette gir eit netto driftsresultat på 12,5 mill kr.

I investeringsplanen er det gjort tøffe prioriteringar og planen viser no samla investeringar for 230 mill kr, med eit venta låneopptak på 157,5 mill kr til investeringar og 20 mill kr til formidlingslån. Tokke skule er det største enkeltprosjektet, med ei ramme på 97,5 mill kr i planperioden.

Investeringsbudsjettet for 2026 viser investeringsutgifter på 52,9 mill kr, og eit låneopptak på 42,3 mill kr.

## Kommunedirektørens tilråding

### Budsjett og økonomiplan

1. Økonomiske oppstillinger etter § 5-4 og § 5-5, samt prosjektoversikt under punkt 3.8, blir vedtekne som budsjett og økonomiplan for kommunen i perioden 2026-2029.
2. Kommunens finansielle måltal for budsjett/økonomiplan 2026-2029 blir vedtekne slik:

| Økonomiske måltall                             | Langsiktig mål | Prognoserte måltall i planperioden |         |         |         |
|------------------------------------------------|----------------|------------------------------------|---------|---------|---------|
|                                                |                | 2026                               | 2027    | 2028    | 2029    |
| Netto driftsresultat i % av driftsinntektene   | 1,75 %         | 2,61 %                             | 2,58 %  | 2,24 %  | 1,98 %  |
| Bufferfond                                     | 30 mill        | 30 mill                            | 30 mill | 30 mill | 30 mill |
| Øvrig disposisjonsfond i % av driftsinntektene | min 10 %       | 12,5 %                             | 14,8 %  | 16,9 %  | 18,7 %  |

### Skatt

3. For skatt på inntekt og formue blir det nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
4. For skatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.
5. Eigedomsskattesatsen for 2026 er 7 promille, jf. eskl. § 11 fyrste ledd.
6. Skatten blir skriven ut i to terminar, jf. eskl. § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. September.

### Sal av konsesjonskraft

7. Pristaket for sal av konsesjonskraft blir avvikla for bustadar, fritidsbustadar og foretak i næringsgruppe D-35-1 kraft- og nettselskap og K-63 Datasenter.
8. Pristaket for øvrig næring blir sett til 43 øre pr Kwh, ekskl. nettleige og alle avgifter

### Finans

9. Tokke kommune betaler avdrag etter minimumsavdragsprinsippet i henhold til kommunelovens §14-18 Avdrag på lån. Avdragstida blir sett til maksimalt 40 år.
10. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån til investeringar med inntil 42,3 mill kr i 2026.
11. Kommunen får fullmakt til å ta opp formidlingslån med inntil 10 mill kr i Husbanken til vidareutlån i 2026.

### Kommunale gebyr

12. Satsar for gebyr og eigenbetaling blir vedtekne slik dei slik dei blir vist i vedlegg 1 «Gebyr og eigenbetaling 2026»

### **Søknader**

13. Kommunestyret vedtek budsjett for 2026 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 979 100, i samsvar med vedtak i Kontrollutvalet.

Øvrige verbalvedtak i kommunestyret